

Radøy Skyttarlag,
Kornelius Manger,
Radøyvegen 1737,
5936 Manger.

Radøy kommune
9 SEPT 2015

Manger den 8 sept 2015

Radøy kommune,
Radøyvegen 1690,
5936 Manger.

Søknad om økonomisk stønad til bygging av ny skytebane, 100 m riflebane.

Radøy Skyttarlag har arbeidd med å få til ny skytebane i Radøy sidan 1991. Etter 24 år, om lag 6000 dugnadstimar og om lag 1,6 mill kroner i utlagde pengar frå Det frivillige skyttervesen og Radøy Skyttarlag, har laget endeleg kome så lagt at anleggsarbeidet med den nye bana kan ta til. Første byggesteg er 100 m riflebane.

Planane for skytebana er at den skal verta eit aktivitetsanlegg for DFS-skyting, sportsskyting, jaktskyting og friluftsliv. Bygging og drift av anlegget er eit samarbeid mellom Radøy Skyttarlag, Radøy Sportsskyttarlag og Nordhordland jakt og fiskelag.

Radøy kommune har gjeve Stokkedalen Skyteanlegg idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Anlegget er med i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet og står på andre plass på prioriteringslista.

Tiltaket det vert søkt om midlar til vil gje følgjande:

- Gjennom kurs og praktiske aktivitetar , auka kunnskapen om sikker våpenhandtering.
- Teori og praksis for auka skyteferdigheiter.
- Gjennom trening og konkurransar auka interessa for skyting som konkurransesport.
- Møteplass for kunnskapsformidling om viltforvaltning og vilt.
- Gje grobotn for betre organisering av jakt.
- Arena for rekruttering av nye jegerar.
- Teori og praksis for å auka kunnskapen om sikker og human jakt.

Kvifor laget treng ny bane.

Skytebana laget disponerer i dag ligg nær Manger sentrum. Anlegget vart bygd rundt 1965 og er i dag lite tidsmessig. Mellom anna er det ikkje veg fram til anlegget. Dette gjer at laget slit med å få

nye medlemmer som vil satsa på skyting. Dessutan er det mange av jegrane i kommunen som reiser til andre baner for å skyta. Med eit nytt fleirbruksanlegg for skyting i kommunen vil aktiviteten auka og ein får samla alle skyteinteresserte på ein stad.

Plan for gjennomføring.

I 2013 starta laget så smått med det praktiske arbeidet på bana. I 2015 har me brukt om lag kr. 400000 av egne midlar i tillegg til ca 450 dugnadstimar på anlegget, og har no kome så langet at veg inn til anlegget og parkeringsplass på det nærmaste er ferdig opparbeidd. Dette får ein ikkje spelemidlar til. Neste steg er å byggja 100 m riflebane.

Radøy Skyttarlag og samarbeidande lag har ikkje midlar og kapasitet til å gå i gang med bygging av heile anlegget samstundes. Me må difor byggja anlegget ut etappevis og dela det heile opp i mindre prosjekt. Laga er samde om at 100 m riflebane er første prosjekt det skal søkjast om spelemidlar til og skal byggjast først. Så snart det er mogeleg å finansiera dei andre prosjekta, vil søknad om spelemidlar verta sendt og bygging starta.

Kostnadsoverslag og finansiering.

Prosjektet det vert søkt om midlar til, (100 m riflebane) er kostnadsrekna til kr. 1 718 750, inklusiv kr.343 750 i meirverdiavgift. Kostnadsoverslag er vedlagt.

| | | | |
|---------------|--|--------------------|----------------------------|
| Finansiering: | Spelemidlar | 1/3 av totalsummen | kr. 572 900 |
| | Kommunalt tilskot | | " 350 000 |
| | Tilskot frå viltfondet i Radøy. Midlar som alt er utbetalt | | " 150 000 |
| | Midlar laga disponerer som skal brukast til anlegget | | " 75 000 |
| | Dugnadsarbeid utført av laget sine medlemmer | | " 570 850 |
| | Totalt | | <u>Kr 1 718 750</u> |

Skal Radøy Skyttarlag kunna søkja om spelemidlar til skyteanlegget må prosjektet vera fullfinansiert.

For at det skal la seg gjera søkjer Radøy Skyttarlag med dette Radøy kommune om eit tilskot på kr. 350 000 til bygging av 100 m riflebane ved Stokkedalen Skyteanlegg.

Pr. i dag har ikkje laget avtalar om sponsormidlar til anlegget. Dette jobbar me med. No når anlegget har fått idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning vert det lettare å få slike midlar.

Me vonar på eit snarleg positivt svar på søknaden.

Med helsing

Radøy Skyttarlag

Kornelius Manger

-form-

1 vedlegg